

# + TEMAOMRÅDE SOM ER AKTUELLE FOR ARBEIDET I RÅDET

Kva saker i fylkeskommunen er aktuelle for personar med funksjonsnedsetting? Vi har lista opp nokre område nedanfor for å gi eit bilete av den breidda av saker som kan vere aktuelle.

Dette er ikkje ei utfyllande liste, men desse områda kan du lese meir om under kursopplegget på nett for kommunale råd for personar med funksjonsnedsetting.

## Plan og budsjett

- At sentrale tema som gjeld likestilling for personar med funksjonsnedsetting kjem inn i plandokument slik at disse blir utgangspunkt for nærmare tiltak i dei årlege budsjetta i planperioden.

## Universell utforming

- At universell utforming er grunnlaget for planlegging, utbygging og tiltak slik at personar med funksjonsnedsetting har dei same moglegheitene for deltaking og blir likestilt med andre.

## Folkehelse

- At fylkeskommunen fremmer folkehelse til befolkninga ut frå sitt ansvar, og tar omsyn til innbyggjarar med funksjonsnedsetting sin situasjon i sine planar og tiltak.

## Arbeid

- At fylkeskommunen er ein god arbeidsgjevar som inkluderer personar med funksjonsnedsetting som arbeidstakarar, og som oppfyller aktivitets- og forklaringsplikta for arbeidsgjevarar.

## Kultur

- At fylkeskommunen planlegg og gjennomfører tiltak som sikrar tilgjengelegheit og universell utforming på kultur, fritid og sosiale arenaer med gode assistanseordningar.

## Samferdsel:

- At innbyggjarar med funksjonsnedsetting kan ferdest på lik line med andre.
- At fylkeskommunen sikrar universell utforming, ei god TT-ordning, tilstrekkeleg med parkeringsplassar med eit godt vedlikehold også på vinteren

## Tannhelse:

- At fylkeskommunen forvaltar sitt ansvar for den offentlege tannhelsetenesta slik at tilboda, også spesialisthelsetenester, er tilgjengeleg i rimeleg grad for alle som bur eller oppheld seg midlertidig i fylket. Nokre grupper har spesielle rettar etter lova, blant andre utviklingshemma, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie.

## Vidaregåande opplæring

- At dei vidaregåande opplæringstilboda i fylket er inkluderande med universell utforming i bygg og uteområde, nødvendig tilrettelegging samt spesialundervisning ved behov.
- At det blir sørga for ein god overgang frå grunnskolen og god rådgjeving når det gjeld overgang til jobb eller høgare utdanning.

## Vaksenopplæring

- At fylkeskommunen gir god rådgjeving om rett til og moglegheit for vidaregåande opplæring for vaksne personar med funksjonsnedsetting.
- At det blir gitt eit godt opplæringstilbod.



Scan koden for å finne den digitale versjonen av heftet